



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 19/1550-1

## Kontroll av møtebøker frå fellesnemnda

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:**

**Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slike vedtak:**

1. Rapport frå Deloitte etter gjennomført kontroll av møtebøkene frå fellesnemnda vert teken til vitande
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å gå gjennom dei uklare formuleringane i reglementet for fellesnemnda og kome med forslag til nødvendige endringar

**Vedlegg:**

- Rapport frå Deloitte - kontroll av møtebøker frå fellesnemnda
- Reglement for fellesnemnda vedteke 27. oktober 2017

**Andre relevante dokument i saka:**

- Kommunereform – sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat, NKRF
- Inndelingslova

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

I prosessen med samanslåing av Hordaland fk og Sogn og Fjordane fk, er det oppretta fellesnemnd, som skal planleggje og førebu samanslåing av dei to fylkeskommunane. Fylkestinga i begge fylkeskommunane vedtok reglementet for fellesnemnda 27. oktober 2017.

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) skriv i dokumentet «Kommunereform – sjekkliste for revisor, kontrollutvalg og sekretariat pkt. 4.3 med vising til Ot.prop. nr. 41 (2000-2001) pkt. 8.2.3 følgjande::

*«Når det gjeld folkevalgt kontroll med verksemda i fellesnemnda, bør den ligge til den enkelte kommunen sitt kontrollutval, som kan føre kontroll på vegne av sin kommune.»*

Dette tilseier at kontrollutvalet har eit ansvar for kontroll av fellesnemnda på vegne av fylkestinget. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune ba i KU-sak 51/18 sekretariatet om å starte opp arbeidet med desisjon av møtebøkene frå fellesnemnda sine møte.

Sekretariatet sendte bestilling 14. februar om desisjon av møtebøkene for fellesnemnda frå oppstart til no.

Før ein kunne gå i gang med å vurdere møtebøkene var det nødvendig å få vurdert notatet «Reglement fellesnemnda – vedtakskompetanse» frå prosjektleiar i Vestland fylkeskommune til fellesnemnda datert 12. november 2018.

Sekretariatet mottok rapport frå Deloitte AS 28. mars 2019 etter vurdering av notatet nemnt over i tillegg til gjennomført stikkprøvekontroll av møtebøkene for fellesnemnda i perioden 18. desember 2017 til 14. februar 2019, der det vart gjennomført kontroll av:

- om fellesnemnda har hatt fullmakt til å gjere vedtaket i den enkelte sak

- om vedtaket er i samsvar med norsk lov, eventuelle andre relevante regelverk
- om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, formål og om det er i tråd med fellesnemnda sitt reglement

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Vurdering av notatet «Reglement fellesnemnda – vedtakskompetanse»

Revisor har vurdert notatet frå prosjektleiar til fellesnemnda datert 12. november 2018 opp mot inndelingslova og reglement for fellesnemnda.

Deloitte skriv i sin konklusjon at fellesnemnda har kompetanse til å fatte vedtak i saker som gjeld «førebuing av samanslåinga» og elles i dei saker som er positivt angitt i inndelingslova § 26 og reglement for fellesnemnda.

Saker som fell utanfor fellesnemnda sitt kompetanseområde, må behandlast i dei to fylkestinga, der fellesnemnda har innstillingsrett i saka dersom den «vedkjem samanslåingsprosessen» jf. Reglementet § 16.

### Vurdering av dei to sakene der vedtaka burde vore klarare formulert

Revisor gått gjennom og vurdert vedtak gjort i 10 saker i fellesnemnda i perioden 18. desember 2017 – 14. februar 2019. Revisor har ikkje lagt fylkeskommunen sitt notat til grunn som revisjonskriterium ved vurderinga av dei utvalde vedtaka. Revisor sine vurderingar og konklusjonar viser at vedtaka i to saker burde vore klarare formulert, men at vedtaka i alle sakene er i samsvar med innstillingslova og reglementet for fellesnemnda.

I sak 8/17 peikar revisor på at måten vedtaket pkt. 1 b) – d) er formulert på, kan gje inntrykk av at fellesnemnda fattar vedtak som grip inn i budsjetta til dei noverande fylkestinga, noko som er utanfor nemnda sitt mandat. Når det gjeld pkt. 4 i vedtaket er det revisor si vurdering at tilskot til dei politiske partia ikkje er omfatta av § 15 i inndelingslova. Denne paragrafen gjeld delvis kompensasjon for eingongskostnadene som er direkte knytt til samanslåingsprosessen.

Prosjektleiar er samd med revisor si vurdering.

I sak 54/18 peikar revisor på at første setning i vedtaket pkt. 2 må gjelde avtalar som skal inngåast etter at Vestland fylkeskommune er etablert, sidan Vestland fylkeskommune ikkje kan inngå avtaler før etablering. Andre setning i vedtaket pkt. 2 refererer til «prosjektleiaren», som fungerer før Vestland fylkeskommune er etablert, og omhandlar, etter revisor si vurdering, fullmakt til prosjektleiar om å inngå avtalar før Vestland fylkeskommune er etablert. Dette kjem også fram i høyringsuttalen frå prosjektleiar. Revisor vurderer ordlyden «fylkesrådmennene» i reglementet § 10 til å vere uklar med omsyn til om denne ordlyden berre omfattar dei noverande fylkesrådmennene i dei to fylkeskommunane eller om også prosjektleiar, som framtidig fylkesrådmann, er omfatta.

Prosjektleiar er samd med revisjonen i at pkt. 2 i vedtaket burde vore tydlegare formulert, og at § 10 andre ledd i reglement for fellesnemnda burde vore formulert annleis. Samtidig peikar prosjektleiar på at det ikkje kan vere tvil om at «fylkesrådmannen» i § 10 andre ledd skal tolkast som prosjektleiar, etter at prosjektleiar tiltredde stillinga.

Prosjektleiar sin høyringsuttale til rapporten frå Deloitte ligg som vedlegg 1 i rapporten.

## **3. Konklusjon**

Deloitte AS har på oppdrag av kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennomført desisjon av møtebøkene i fellesnemnda. I rapporten skriv revisor at fellesnemnda er gitt eit vidt mandat til å gjere vedtak i saker som gjeld samanslåinga av fylkeskommunane, og at nemnda kan fatte vedtak i dei saker som er angitt i inndelingslova § 26 og i reglement for fellesnemnda.

Stikkprøvene revisor har gjennomført viser at vedtaka i sakene som er kontrollert er fatta i samsvar med regelverket, men at enkelte vedtak burde vore tydlegare formulert.

Revisor peikar også på at reglementet for fellesnemnda på enkelte punkt er uklart, noko som kjem fram i notatet som er gjennomgått, gjennom uklare forhold i vedtaka revisor har sett på og i prosjektleiar sin høyringsuttale.

Revisor anbefaler på bakgrunn av dette at reglementet for fellesnemnda burde vore gjennomgått og revidert. Kontrollsjef er samd med revisor i dette.